



Saksframlegg

Omklassifisering av kommunal veg til privat veg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for kultur og næring	
	Formannskapet, Plan og økonomi	
	Heradsstyret	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. I medhald av veglova § 7 tredje ledd, jf. § 8 andre ledd, vedtek Voss herad å omklassifisere følgjande kommunale vegar frå 01.04.2026:

*Skaftedalsvegen	Rasdalsvegen (Liten snutt)
Skjervsvegen (v/ gnr589 bnr.1)	Huldahaugen
Nesheimsvegen	Nedre Kløve
Dalevegen (Espelandsvegen)	Skulegata
Hause vegen	Bonangergata aust
Hausnesvegen	Brekkevegen
Smidjevegen i Folkedal	**Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen
Del av Folkedalsvegen	Gamle Dyrvedalsvegen
Gamle Kvanndalsvegen	Geitlevegen
Tjøflotvegen ned mot kai.	Øvstedalsvegen
Veg i hyttefelt Djonno	Kolle
Taskjelle	Sideveg Steinsvegen
Medås	Bidnesvegen til Bidneshovden
*Langedalsvegen	***Gamle Bordalsvegen

Merknad

*Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen ikkje vert omklassifisert. Gjeld Skaftedalsvegen og Langedalsvegen.

**Alternativ tilråing: Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Eskelandsvegen.

*** Rådmannen rår til at vegen vert omklassifisert til gangveg. Gjeld Gamle bordalsvegen.

Omklassifisering av vegane vil gje ein forventa innsparing på **712 990 kr.**

2. Rådmannen held fram arbeidet med omklassifisering av kommunale vegar for å oppnå innsparingsmålet på 1,5 mill. kroner.

3. Voss herad vedtek at vegane lista opp nedanfor, som er søkt frå privat veg til kommunal veg, jf. sak 24/10014, held fram som private vegar.

Kalandsvegen
Tyssevegen
Hyljaråsvegen
Bulkovegen

4. Omklassifiserte vegar skal vere opne for naudsynt ferdsel, mellom anna for utrykkingskøyretøy, post- og renovasjonstenester, heimesjukeleie og skuleskyss.

5. Rådmannen får fullmakt til å gjennomføre naudsynte administrative og tekniske tiltak knytt til vedtaket.

Samandrag

Saka gjeld endeleg handsaming av omklassifisering av utvalde kommunale vegar til privat veg, etter gjennomført offentleg høyring. Saka byggjer vidare på tidlegare politiske vedtak i sak 34/25 og 44/25, der det vart vedteke å leggja føreslegne vegar ut på høyring.

Bakgrunnen for saka er innsparingstiltak gjennom å redusera driftskostnader og prioritera kommunale ressursar betre. Voss herad har eit omfattande kommunalt vegnett samanlikna med kommunar med tilsvarande innbyggjartal og areal, noko som gjev høge drifts- og vedlikehaldskostnader og eit aukande vedlikehaldsetterslep. Omklassifisering av vegar er eitt av fleire nødvendige tiltak for å sikra ei meir berekraftig forvaltning av kommunal vegkapital.

I høyringsperioden har det kome inn 41 innspel. Desse er gjennomgått og vurderte samla. I tillegg er sak **24/10014 – Omklassifisering frå privat veg til kommunal veg** handsama som del av denne saka. Rådmannen tilrår at dei vegane som går fram av tabell 1 vert omklassifiserte i tråd med vedtekne kriterium, at vegar det er søkt om omklassifisering frå privat til kommunal veg i sak 24/10014 held fram som private vegar, og at Voss herad held fram arbeidet med vidare omklassifisering av kommunale vegar i åra som kjem.

Saksopplysingar

Voss herad vedtok i sak 35/20 kriteria som skal leggjast til grunn for omklassifisering av kommunale vegar. I sak 34/25 (Utval for kultur og næring) og sak 44/25 (Formannskapet, plan og økonomi) vart det samrøystes vedteke å leggja dei føreslegne vegane ut på offentleg høyring, med høyringsfrist 1. oktober 2025. Høyringa er no gjennomført, og saka vert lagt fram for endeleg politisk vedtak.

I tillegg er sak *24/10014 Omklassifisering frå privat veg til kommunal veg* innlemma i denne saka jf. vedtak i Formannskapet, plan og økonomi – sak 45/25.

Driftsavdelinga har fått i oppdrag å redusera driftskostnadene med 1,5 mill. kroner årleg. Innsparingskravet er ei politisk bestilling frå heradsstyret. For å oppnå dette er omklassifisering av kommunale vegar eit konkret og målretta sparetiltak. I lys av den samla økonomiske situasjonen og omstillingsprosessen Voss herad står i, må det påreknast at innsparingane innan drift kan verte auka i åra som kjem. Omklassifisering av vegar er difor ein del av eit meir langsiktig arbeid for å tilpasse kostnadsnivået til dei økonomiske rammene. Dersom slike tiltak ikkje vert gjennomført, kan det få konsekvensar for andre kommunale tenester.

Samstundes vert kommunen jamleg tilført nye vegar, både gjennom utbygging og gjennom søknader om omklassifisering frå privat til kommunal veg (jf. sak 24/10014). Døme på vegar som er tilført siste tida er fyljande:

Vegnamn
Del av Gamle Bavallsvegen
Fyrste del av Nyresvegen
Vegar i Istad industrifelt
Regimentsvegen til Brannstasjon
Mønsvegen
Veg til Stalheim hotell frå E16
Peter bondes veg

Voss herad vil kontinuerleg verta tilført nye vegar. Vidare omklassifisering av kommunale vegar er difor eit nødvendig tiltak. I gjeldande økonomiplan er det lagt opp til årlege innsparingar gjennom reduksjon i talet på kilometer kommunal veg. Dette inneberer at det må omklassifiserast fleire km kommunal veg kvart år. Dersom omklassifisering ikkje vert gjennomført, vil dette forringe vegkapitalen og auke vedlikehaldsetterslepet.

Kriterium for kommunale vegar som kan vurderast omklassifisert til private vegar

Ein kommunal veg kan vurderast omklassifisert til privat veg dersom han stettar eitt eller fleire av fyljande kriterium:

1. Vegar utan heilårs fastbuande. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad.
2. Vegar med låg trafikkbelastning (td. stikkvegar).
3. Vegar som ikkje er nytta til allmennyttige formål/interesser (td. tur/friluftsområde).
4. Bakgardar/gatetun/blindveg.

Vurderingsgrunnlag

I saksførebuinga er dei ulike kommunale vegane i Voss herad gjennomgått og vurderte opp mot vedtekne kriterium. Det er teke utgangspunkt i gjeldande driftsbudsjett for å rekna ut ein kostnad per løpemeter kommunal veg.

Denne utrekninga gir ikkje eit fullt ut korrekt bilete av dei reelle kostnadene, då enkelte vegar er vesentleg dyrare å drifta enn andre. Dette gjeld mellom anna vegar som ligg høgt i terrenget med store brøytekostnader, eller vegar som ligg på dårleg grunn og difor krev meir vedlikehald.

Hovudplan for kommunale vegar viser òg at det samla budsjettet ikkje står i forhold til talet på meter kommunal veg heradet har ansvar for å drifta og vedlikehalda.

Innkome høyringsuttalar

Det har kome inn totalt 41 innspel i høyringsperioden. Alle innspel er journalførte i sak 25/3870. Kvart enkelt innspel er gjennomgått og vurdert av administrasjonen. Det er utarbeidd ei samla oppsummering av innspela ved bruk av KI, som går fram av *Vedlegg 1 – Omklassifisering kommunal veg 2026*.

Kommunens rolle etter omklassifisering

Denne saka omfattar drift og vedlikehald av kommunale vegar. Ved omklassifisering frå kommunal til privat veg har kommunen ikkje ansvar for vidare drift og vedlikehald av vegen. Saka tek ikkje stilling til eigarforhold til veggrunn, og Voss herad vil som hovudregel halde fram som eigar av grunnen. Kommunen vil leggja ved *malar og eksempel* som kan nyttast av brukarane ved organisering av veglag

Rådmannen si vurdering:

Driftsbudsjettet for kommunale vegar vert redusert over tid. Dersom det ikkje vert gjennomført omklassifisering av vegar, vil det vera nødvendig å auka driftsbudsjettet for å unngå aukande vedlikehaldsetterslep og forringing av vegkapitalen.

KOSTRA-tal for kommunale vegar per kilometer syner at Voss herad har eit betydeleg omfang av kommunal veg samanlikna med mange andre kommunar. Dette gjer det utfordrande å halda vegnettet på eit tilfredsstillande nivå innanfor dei økonomiske rammene som er tilgjengelege.

Ved omklassifisering av dei føreslegne vegane vil ein oppnå to hovudeffektar. Den eine er direkte økonomiske innsparingar gjennom redusert tal kilometer kommunal veg. Ein føresetnad for denne innsparingseffekten er at driftsbudsjettet held seg på same nivå og ikkje vert ytterlegare redusert.

Den andre effekten er indirekte, ved at ressursar vert frigjorde og kan prioriterast til dei vegane som har størst behov for drift og vedlikehald. Dette er i tråd med dei økonomiske realitetane kommunen står overfor.

På den andre sida vil omklassifiseringa ha konsekvensar for brukarane av dei aktuelle vegane, ved at ansvar for drift og vedlikehald vert overført til private. Mange høyringsinnspel peikar på dei økonomiske belastningane dette kan medføre. Samstundes er den økonomiske situasjonen slik at kommunen må prioritere stramt, noko som er ein del av dei generelle rammevilkåra for kommunesektoren.

Den kommunale vegkapitalen utgjer eit betydeleg verdiomfang, og vedlikehaldsetterslepet er stort og aukande. I følge hovudplan for veg krevst det betydelege midlar årleg for å halda vegnettet i tilfredsstillande stand. Manglande midlar til drift og vedlikehald vil over tid føre til forfall og større framtidige investeringsbehov.

På denne bakgrunnen vert omklassifisering av dei føreslegne vegane vurdert som eit nødvendig og formålstenleg spareiltak. Samstundes må Voss herad halde fram med vidare omklassifisering av kommunale vegar i åra som kjem.

På bakgrunn av innspel og rådmannen sine vurderingar har ein utarbeida ein liste med tilrådingar som framgår i Tabell 1 nedanfor.

Tabell 1

1. Rådmannen rår til å omklassifisere fylgjande vegar:

Namn på veg	Antal lengde meter	Estimert innsparing årleg driftskostnader	Kriterie for omklassifisering	Alternativ tilråing
Skaftedalsvegen	1305	kr 107 010,00	1	Rådmannen rår til at veggen ikkje vert omklassifisert
Skjervsvegen (v/ gnr589 bnr.1)	245	kr 20 090,00	2	
Nesheimsvegen	88	kr 7 216,00	2	
Dalevegen (Espelandsvegen)	414	kr 33 948,00	2	
Hausevegen	224	kr 18 368,00	2	
Hausnesvegen	263	kr 21 566,00	2	
Smidjevegen i Folkedal	741	kr 60 762,00	2	
Del av Folkedalsvegen	228	kr 18 696,00	2	
Gamle Kvanndalsvegen	458	kr 37 556,00	2	
Tjøflotvegen ned mot kai.	196	kr 16 072,00	2	
Veg i hyttefelt Djønno	361	kr 29 602,00	1	
Taskjelle	400	kr 32 800,00	2	
Medås	167	kr 13 694,00	2	
Langedalsvegen	1535	kr 18 696,00	1	Rådmannen rår til at veggen ikkje vert omklassifisert
Rasdalsvegen (Liten snutt)	163	kr 13 366,00	1	
Huldahaugen	265	kr 21 730,00	2	
Nedre Kløve	472	kr 38 704,00	2	
Skulegata	134	kr 10 988,00	4	
Bonangergata aust	52	kr 4 264,00	4	
Brekkevegen	258	kr 21 156,00	2	
Eskelandsvegen forbi folkehøgskulen	198	kr 16 236,00	4	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert til gangveg
Gamle Dyrvedalsvegen	239	kr 19 598,00	2	
Geitlevegen	381	kr 31 242,00	2	
Øvstedalsvegen	246	kr 20 172,00	1 og 2	
Kolle	446	kr 36 572,00	1 og 2	
Sideveg Steinsvegen	168	kr 13 776,00	2	
Bidnesvegen til Bidneshovden	387	kr 31 734,00	1	
Totalsum meter/innsparing kostnd	10034	kr 715 614,00		

2. Rådmannen rår til å omklassifisere til gangveg

Namn på veg	Tilråing
Del av Gamle Bordalsvegen	Rådmannen rår til at veggen vert omklassifisert til gangveg

3. Rådmannen rår til å utsette

Namn på veg	Tilråing
Del av Sâkvitnevegen	Utsett
Rasdalsvegen	
Strindeskleivvegen med sideveg	
Hesgiljane	

4. Vegar rådmannen rår til å helde fram som privat

Namn på veg	Tilråing
Kalandsvegen	Rådmannen rår til at veggen framleis held fram som privat
Tyssevegen	
Hyljaråsvegen	
Bulkovegen	

Økonomiske konsekvensar:

Voss herad har ansvar for om lag 317 kilometer kommunal veg. Driftsbudsjettet for veg i 2024 var 26,3 mill. kroner, noko som tilsvarar ein gjennomsnittleg kostnad på om lag 82 kroner per løpemeter veg.

Driftsavdelinga har fått i oppdrag å redusera driftskostnadene med 1,5 mill. kroner årleg. Innsparingskravet er ei politisk bestilling frå heradsstyret. For å oppnå dette er omklassifisering av kommunale vegar eit konkret og målretta sparetiltak.

Dei vegane som no vert føreslegne omklassifiserte til privat veg, går fram av vedtaket. Forventa innsparing ved omklassifisering av desse vegane er berekna til 712 990 kroner. Dette inneber at ein med denne saka ikkje når det samla innsparingsmålet på 1,5 mill. kroner. Resterande innsparing, om lag 787 010 kroner, må dekkjast inn gjennom ytterlegare omklassifisering av vegar eller andre tiltak. Administrasjonen vil koma attende med dette i ny sak.

Dersom heradsstyret vel å ikkje vedta omklassifisering av dei føreslegne vegane, eller lista vert ytterlegare redusert i den politiske handsaminga, må ein dekke manglande innsparing andre stadar. Alternativt må det fremjast framlegg om å løyva auka midlar tilsvarande det beløpet som ikkje vert spart.

Omklassifisering av dei føreslegne vegane vil gi direkte økonomiske innsparingar gjennom redusert drifts- og vedlikehaldsansvar. Samstundes vil tiltaket ha ein indirekte effekt ved at ressursar vert frigjorde og kan prioriterast til vegar med størst behov. Føresetnaden for dei berekna innsparingane er at driftsbudsjettet ikkje vert ytterlegare redusert.

For brukarane av dei vegane som vert omklassifiserte, vil tiltaket innebere at kostnader til drift og vedlikehald vert overførte til private. Dette er ei kjend og pårekeleg følgje av omklassifisering.

Miljø og klimakonsekvensar:

Mange av vegane som vert foreslått omklassifiserte ligg i utkantområde, ofte som einskilde vegparsellar. Ved omklassifisering vil kommunen få mindre køyring knytt til drift, tilsyn og vedlikehald. Dette kan gje ein reduksjon i transport og utslepp, men samla sett vert miljø- og klimakonsekvensane vurderte som avgrensa.

Folkehelsekonsekvensar:

Vegane skal vere opne for naudsynt ferdsel og vedlikehald i samsvar med veglova § 54. Tiltaket er ikkje vurdert å ha vesentlege negative konsekvensar for folkehelsa eller tilgangen til nødvendige kommunale tenester.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering av høyringsinnspel, økonomiske omsyn og faglege vurderingar rår rådmannen til at vegane vert handterte i tråd med tilrådingane i tabell 1. Dette inneber at enkelte vegar vert omklassifiserte frå kommunal til privat veg, éin veg vert omklassifisert til gangveg, nokre vegar vert utsette for vidare avklaringar, og nokre vegar vert ikkje omklassifisert. Vidare rår rådmannen til at vegane det er søkt om omklassifisering frå privat til kommunal veg i sak **24/10014** held fram som private vegar. Samla sett er tiltaka vurderte som nødvendige for ei berekraftig forvaltning av kommunal vegkapital.